

# Uskedal Vassverk

## Innkalling til årsmøte

i

**Uskedal skule 05.05.2011 kl 19:30**

### Sakliste til årsmøtet

- 1: Årsmelding frå styret**
- 2: Rekneskap**
- 3: Val av styre og valnemnd**
- 4: Val av revisor**
- 5: Endring av vedtektene**
- 6: Reserveinntak**
- 7: Orientering om byggjefelta**
- 8: Ymse**

**Som innkallinga over fortel blir det ordinære årsmøtet i vassverket halde 5. mai. Fleire viktige saker står på kartet' utanom dei rutinemessige årsmøtesakene.**



Uskedalselva kan bli reservevassskjelde vinterstid (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er mellom anna spørsmålet om reserveinntak, som har vore aktuelt også i den seinare tid. Styret vil her med det første handsama den konsulentrapport som føreligg og koma med forslag for årsmøtet om vidare framdrift i saka. Det blir også gjeve ein orientering om byggjefelta og kva dei krev av vassforsyning.

Leiinga i vassverket opplyser til uskedalen.no at det føreligg ein konsulentrapport som vurderar vassforbruket ved utbygging av både Ospelunden og øvre og nedre Halsabrotet og då ikkje minst kva som vil krevjast av tekniske anlegg.

Også endring av vedtektene står på saklista. Endringa skjer for at vedtektene skal harmonera mest mogeleg med dei kommunale retningslinene for vassverk.

Med så interessante saker på kartet vonar styret at det vil bli godt frammøte i skulen 5. mai  
Årsmøtet blir som vanleg halde der.

Av Ola Matti Mathisen.